

Referat elevrådsmøte 17.10.2025

Til stades: Dorthea ,Jesper Athene, Mudasir, Ådne, Emilie, Maja-Elise, Alexandra, Stine, Marta, Mathilde, Frida, Guro, Frida

Ikkje møtt: Vilda Sofie

SAKER:

- **Evaluering Rosa dag**

Det var stort engasjement, lykkehjulet fungerte. Fint med eit annleis løp. Det kan vere lurt med vaksne rundt løypa, slik at innsatsen er god heile vegen. Ein del muffins til overs som vi kan selje på halloween. Tydeligere med betalingsalternativ viss elevane skal få betale med Vipps. Mariann og Daniel sjekker opp kortautomat, om vi skal ha to.

- **Evaluering prosjektveke**

- Nokre elevar opplevde det som urettferdig at nokon hadde utflukter, medan andre var heile veka på skulen.
- Tydelegere markedsføring av gruppene og meir informasjon når lærarane går igjennom.
- Fleire gitar enn jenter på visse grupper. Kanskje betre med tre val
- Innspel: Band til neste år, idrett og street food and street art må fortsette, ballkultur tilbake igjen, kanskje meir idrett sidan mange vil ha det.

- **Panorama**

- Framføringa som helhet var utrolig bra
- Kan vere lurt med plakater med programmet, slik at ein veit når ein skal på scenen
- Sitje med gruppa/eventuelt klassen
- Snakke om forventningar på førehand - også mobilbruk
- Tydeligere beskjed om aktivitetar i pausen og loddsal

- **Halloween**

- Alle må kle seg ut
- Premie til beste bilde.
- Premie til 1 på hvert trinn, gutt og jente.
- Klassebildene; system på kor bileta skal sendast, slik at det blir oversiktleg for Daniel
- Snakke om det på forhånd, legge ut på sosiale medier
- Aktivitet i Steinhallen; musikk, limbo, grab the mic,

- Pynte på skulen. Design og redesign lagar pynt

- **Juleball**

- Ballet blir siste torsdagen i november, 27. november.
- Lite inntekt etter sommerballet. Reklamere masse på forhånd
- Konkurranser, innspill fra elevene om tema. Trekning fra kommentarfelt på TikTok om tema. Velje tema ut oktober.
- Kåringer og premie til kåringer.
- 70kr inngang.

- **Temaveke**

- Gjere adventstida koseleg
- Pyntekonkurranse.

Anna:

- Nytt møte torsdag 6. november i 2. time
- Mangel på gardiner i fleire klasserom, 10E har ingen.